



Saksprotokoll

Organ: **Fylkestinget**

Møtedato: 04.12.2018

Sak nr.: 17/7179-14
Internt I.nr. 54657/18

Sak: 45/18

Tittel: **Forvaltningsrevisjon - Utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule - rapport**

Behandling:

Frå kontrollutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av utdanning og yrkesrådgjeving til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
 1. Sikre at det ved alle vidaregåande skular finst lett tilgjengeleg informasjon til elevane om når rådgjevarane er tilgjengelege, kvar dei er tilgjengelege og kva oppgåver dei kan hjelpe med.
 2. Sikre at terskelen for å søke rådgjeving vert lågast mogeleg til dømes gjennom tilbod om individuelle samtaler på initiativ frå rådgjevar.
 3. Vurdere korleis innspela frå elevane om forbetrinigar knytt til utdannings og yrkesrettleiinga kan følgjast opp. Under dette:
 - a. om og eventuelt korleis det er mogleg å auke omfanget av utplassering i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping
 - b. sikre kvalitet i informasjonen som blir gitt i overgangen mellom Vg1 og Vg2, inkludert informasjon om innhaldet i ulike Vg2 tilbod
 - c. sikre rådgjeving/ karrieresamtale før Vg3
 - d. vurdere rådgjeving/ informasjon knytt til kva moglegheiter som finst for høgare utdanning for elevar som går yrkesfag
 4. Vurdere om og korleis næringslivet i større grad kan involverast i rådgjevarane og skulane sitt informasjonsarbeid knytt til utdanningsval.
 5. Arbeide for at rådgjevarane i vidaregåande skule innfør tilrådde kompetansekrav frå utdanningsdirektoratet og at det blir utarbeidd planar for kompetanseutvikling for rådgjevarane i samarbeid med skuleleiinga ved den enkelte skule.
 6. Sikre at tiltak som skal bidra til auka kompetanse hos rådgjevarane i vidaregåande skule blir evaluert jamleg for å sikre best mogleg utbytte.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 30.05.2019.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg:

Pkt. 2.3 a: Ordet «utplassering» vert endra til «arbeidspraksis».

Senterpartiet sette fram slikt framlegg:

Endre pkt 2.4 til:

Sikre at næringslivet, kommunane, vidaregåande skular og rådgjevarane samarbeider og informerer om yrke- og utdanning etter ein heilskapleg plan frå 8.-13. trinnet.

Avrøyting:

Punkt 1 og 3 i tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedtekne.

Framlegga frå Høgre og Senterpartiet vart samrøystes vedtekne.

Punkt 2, med vedtekne delrøytingar som vist ovanfor, vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av utdanning og yrkesrådgjeving til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
 1. Sikre at det ved alle vidaregåande skular finst lett tilgjengeleg informasjon til elevane om når rådgjevarane er tilgjengelege, kvar dei er tilgjengelege og kva oppgåver dei kan hjelpe med.
 2. Sikre at terskelen for å søke rådgjeving vert lågast mogeleg til dømes gjennom tilbod om individuelle samtaler på initiativ frå rådgjevar.
 3. Vurdere korleis innspela frå elevane om forbetrinigar knytt til utdannings og yrkesrettleiinga kan følgjast opp. Under dette:
 - a. om og eventuelt korleis det er mogleg å auke omfanget av arbeidspraksis i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping
 - b. sikre kvalitet i informasjonen som blir gitt i overgangen mellom Vg1 og Vg2, inkludert informasjon om innhaldet i ulike Vg2 tilbod
 - c. sikre rådgjeving/ karrieresamtale før Vg3
 - d. vurdere rådgjeving/ informasjon knytt til kva moglegheiter som finst for høgare utdanning for elevar som går yrkesfag
 4. Sikre at næringslivet, kommunane, vidaregåande skular og rådgjevarane samarbeider og informerer om yrke og utdanning etter ein heilskapleg plan frå 8.-13. trinnet.
 5. Arbeide for at rådgjevarane i vidaregåande skule innfri tilrådde kompetansekrav frå utdanningsdirektoratet og at det blir utarbeidd planar for kompetanseutvikling for rådgjevarane i samarbeid med skuleleiinga ved den enkelte skule.
 6. Sikre at tiltak som skal bidra til auka kompetanse hos rådgjevarane i vidaregåande skule blir evaluert jamleg for å sikre best mogleg utbytte.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 30.05.2019.